



William Hut - har han Noregs beste stemme? (Foto: Ola Matti Mathisen)

Jolefesten til Festidalen på annandagskvelden var ein velkomponert trestegsrakett som må innregistrerast som ein klar suksess-oppkyting. Dei 400 som hadde vore heldige og fått billett (og fleire var det ikkje lovleg å ta inn) hadde ein stor kveld. Dette var ein skikkeleg introduksjon til det som skal skje for sjette gongen - ved månadsskiftet juli/august.



På laget som kalla seg 'Klok av skade' var det deltakarar både frå Uskedalen, Stavanger og Bergen. Frå høgre sit Nina Lunde, Gudrun Karina Hjørnevang, Kai Bøgval, Hege Lekva, Trond Myklebust og Ivar Konrad Lunde. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det starta roleg med hjerne-gymnastikk - ein quiz sikkert leia av Hege Sætveit Eikenes.

Ni lag med maksimalt sju deltakarar på kvart melde seg på og dei fekk oppleve fire runder med eit allsidig og ikkje altfor krevjande spørsmålsutval.



Dyktige dj-ar var Torgrim Øyre og Tarjei Strøm. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Ein runde handla naturleg nok om musikk og dei som ikkje visste det fekk til dømes veta at det eigentlege namnet til kveldens store artist var Willy Marhaug.

I ein runde med Kvinnherad-spørsmål var det nok fleire enn ein av deltakarane som klødde seg i hovudet då dei skulle redegjera for tydinga av uttrykka attegløyma, bringepikk og fjelga seg.

Eit anna spørsmål som stilte krav til dei fleste var høgda på Melderskin.

Den første runden inneheldt det som vart kalla 'allmenquiz', med relativt lette spørsmål, nærmast ei oppvarming til det som kom seinare.

Då kom det også bildequiz og den var ikkje berre enkel.

Dei ni laga plasserte seg slik:

1. Edelgranus 57
2. Fire eplejuice på MacDrive 50
3. Klok av skade 48
4. Just for fun 47
5. Dei kastanjebrune 44
6. Midt på treet 40
7. Husnes TBC 38
7. Kondomen sprakk og her sitte vi 38
9. MFB 35

Andre steg i raketten var bergensaren William Hut. som i ein knapt timelang konsert song slik at det gjekk ilingar nedetter ryggraden hos alle som likar song. Det er all grunn til å stilla spørsmålet: Fins det noko betre røyst i

landet vårt akkurat no?

At han no var i Uskedalen og song for femte gongen må vi registrera som ein smigrande blome i knappolet! Og ikkje berre det: No lova han å koma med fullt band til Festidalen.

Denne gongen hadde han berre ein musikar med seg som supplement til sitt eige gitarspel.

Hut gav fleire smakebitar frå det albumet som han kjem ut med 'på nyåret ein gong', for å nytta hans eigen formulering. Det albumet er det all grunn til å venta mykje av. Heilt på slutten av demonstrerte han imidlertid at han har vore stor lenge, med å syngja ein ballade frå det første albumet sitt og ein frå det siste. Og den første var minst like vakker som den siste!

Ikkje uventa sleit Hut eindel med å få opp stemninga i låven, men det tok av skikkeleg då han serverte sin største suksess: 'Take it easy'.

- Eg skal syngja trist og melankolsk og byggja ned stemninga så godt eg kan. Så kan dj-ane byggja opp stemninga etterpå, sa Hut lettare ironisk då han opna konserten. Og Torgrim Øyre og Tarjei Strøm let ikkje invitasjonen gå frå seg. Som siste steget på trestegsraketten dreiv dei jolefesten til dei store høgder. Dei ligg også høgt på 'norsktoppen'.

Festidalen har gjort eit grep som lovar det beste foran sjølve festivalen.

Av Ola Matti Mathisen



Dei som vann quiz-en kalla seg Edelgranus og på laget fann ein Hildegunn Mellingen, Marius Mathisen, Espen Mathisen, Kenneth Rasmussen, Atle Falk, Åge Olsen og Johan Henrik Lyse. (Foto: Ola Matti Mathisen)